



SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Styringsgruppe for kommuneplanarbeid	05.09.2017	004/17

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Sven Selås Kallevik	N - 502, Hist - 14/1290	15/1002

Grovsorterte innspel til kommuneplanen sin arealdel

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Politisk styringsgruppe for kommuneplan grovsorterer 39 private innspel ut frå vidare kommuneplanprosess etter vedtekne prinsipp frå politisk styringsgruppemøte 28.03.2017.

Liste over grovsorterte innspel ligg i sak.

05.09.2017 Styringsgruppe for kommuneplanarbeid

SK- 004/17 Vedtak:

Samrøystes

Politisk styringsgruppe for kommuneplan grovsorterer 39 private innspel ut frå vidare kommuneplanprosess etter vedtekne prinsipp frå politisk styringsgruppemøte 28.03.2017.

Liste over grovsorterte innspel ligg i sak.

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Som eit ledd i medverknad til planprosessar og sikre at innbyggjarane vert representert i planarbeidet for ny kommuneplan vart det tidlig i kommuneplanprosessen opna for private innspel. Innbyggjarane vart oppmoda om å spele inn forslag til nye arealformål i ny kommuneplan. Det er bestemt at alle innspel frå private skal få ei administrativ vurdering og gjennomgang i politisk styringsgruppe.

Det er fastslått at alle innspel til kommuneplanen sin arealdel skal vurderast for grovsortering. Dette er heilt naudsynt for å redusere noverande og framtidig arbeidsmengde for administrasjonen. Innspel som i denne omgang verte grovsorterte er innspel som mest truleg vil føre med seg motsegn frå sentrale styresmakter. Alle dei grovsorterte innspela er vurderte opp mot ynskja samfunnsutvikling. Dersom ein skulle finne at samfunnsinteressene er særst store vil kommunen vike frå prinsippa.

Problemstilling

Politisk styringsgruppe må gjere vedtak om grovsortering av private innspel til kommuneplan. Kommunen har fått 131 innspel frå private forslagsstillarar. Førreliste over grovsorterte innspel er på 39 innspel. Alle tiltak har fått ein kort presentasjon og ei grunngjeving for kvifor dei er grovsortert. Forslagsstillarar vil få tilbakemelding om dette.

Vurdering

Kommunen har fått 131 innspel til kommuneplanen sin arealdel. Av desse ligg om lag 70 innspel an til å bli godkjende, eller delvis godkjende. Administrasjonen stiller seg negativ til om lag 20 innspel, medan 39 innspel er lagt fram til grovsortering.

Under følgjer ei liste over innspela som administrasjonen vurderer til grovsortering i handsaming av dei private innspela til kommuneplanen sin arealdel. Innspela er grovsortert etter prinsipp fastsett av politisk styringsgruppe for kommuneplan 28.03.2017.

Prinsippa som vart vedteke:

1. Innspel som klart bryt med gjeldande lovverk og statlege- og regionale føringar er ikkje ønskeleg. Vurdering vil bli gjort i kvar einskild sak.
2. Innspel i områder med reguleringsplan skal ikkje godkjennast. Områder i reguleringsplan kan handsamast dersom det gjeld særskilde enkeltsaker.
3. Innspel som rårer dyrka jord er ikkje ønskeleg. Dersom eit innspel rårer dyrka jord (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og beitemark) eller dyrkbar jord vil innspelet bli nøye vurdert opp mot samfunnsnytte. Unnatak kan gjerast i enkeltsakar etter særskilde vurderingar grunngitt i KU.
4. Kommunen vil ikkje opne for «omkampar» frå kommunedelplanen til Etnesjøen.
5. Dersom eit privat innspel ikkje er heilt i tråd med administrasjonen sine faglege tilrådingar, kan administrasjonen endre utstrekning og/eller føremål. Det vil då verte administrasjonen sitt reviderte framlegg som vert vidare vurdert i KU og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).

Innspel som bryt med dei prinsipp politisk styringsgruppe har satt for vidare utvikling av kommunen blir vurdert som lite ønskeleg. Innspela er foreslått ikkje å gå gjennom full konsekvensutgreiing.

Det er naudsynt å merke seg at innspela som er grovsorterte er grovsorterte på bakgrunn av dei vedtekne prinsippa. Argumenter som til dømes overskot av tilgjengelege bustader og aktsemdsoner for skred og flaum ville og gjort seg gjeldande for mange av innspela. Oversikt over grovsorterte innspel fylgjer under. Meir detaljert informasjon om kvart innspel er tilgjengeleg som vedlegg.

Etter ei grovsortering vil innspela vere ferdig vurdert og ikkje følgje den vidare prosessen med kommuneplanen. Det er likevel viktig å merke seg at det har vore svært nyttig for administrasjonen og sjå innspela for å vurdere kva arbeid ein lyt fortsette med etter kommuneplanrevisjonen. Det er særleg oppdatering av gjeldande reguleringsplanar som viser seg å vere noko kommunen må jobbe vidare med.

Det vil i etterkant av politisk styringsgruppemøte bli sendt ut eit brev med informasjon til dei som har fått innspela sine grovsorterte. Det vil ikkje vere høve til å klage på handsaminga. Innspelshavarar kan komme med ny argumentasjon etter framlegg til ny kommuneplan

arealdel er lagt ut på høyring.

Liste over grovsorterte innspel:

Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-1	Ve 1	Område vert regulert i samband med detaljregulering for Vee.		X		
KPI-5	Steine	LNF -> næring og bustad	X		X	
KPI-7	Går ut	Framlegg trekt.				
KPI-13	Sæbø 1	Veg -> bustad		X		
KPI-21	Skålnes ytre 1	Park/bustad -> friområde		X		
KPI-23	Aksdal	LNF -> LNF				
KPI-27	Skoga 1	LNF -> Fritidsbusetnad og fritids- og turistformål		X	X	
KPI-30	Går ut	Ført dobbelt.				
KPI-32	Berge 1	Friområde -> bustad		X		
KPI-36	Berge 2	Friområde -> bustad		X		
KPI-39	Milje 1	Sjø og farlei -> Småbåthamn		X		
KPI-41	Håland ytre	LNF og LNFS -> Næring	X		X	
KPI-45	Gravelsæter	LNF -> bustad	X		X	
KPI-50	Berge 3	Friområde -> bustad		X		
KPI-52	Skålnes ytre 3	LNF -> Bustad og friområde		X		
KPI-55	Sørheim	LNF -> Råstoffutvinning	X	X	X	
KPI-62	Haugen 1	LNF -> bustad	X		X	X
KPI-65	Molnes	LNF -> naust og bustad	X			
KPI-67	Enge 2	Endring av føresegn regplan.		X		
KPI-68	Vettestø	LNF -> naust og fritids- og turistformål	X			
KPI-81	Nes ytre	Område vert regulert i samband med detaljregulering for Trønskenes.		X		
KPI-85	Nes ytre	Område vert regulert i samband med detaljregulering for Trønskenes.		X		
KPI-89	Enge 3	Innspel trekt.				
KPI-90	Støle 2	LNF -> bustad			X	
KPI-91	Milje 4	Forretning/kontor og parkering -> Bustad og næring		X		
KPI-92	Støle 1	LNF -> bustad	X		X	
KPI-94	Milje 5	LNF og friområde/park -> bustad		X		
KPI-95	Vannes	LNF -> fritidsbustad	X			
KPI-98	Teigland 4	LNF -> bustad			X	
KPI-99	Matskår 2 og Sæbø 2	LNF -> bustad	X	X	X	X
KPI-103	Dynjebakken	LNF -> næring	X		X	X
KPI-104	Kambe	LNF -> bustad		X	X	
KPI-108	Osvåg	LNF -> bustad	X			
KPI-114	Dynjebakken	LNF -> bustad	X		X	X
KPI-115	Haugen 3	Friområde, småbåthamn og friluftsområde -> småbåthamn		X		
KPI-125	Skjensvoll	LNF -> bustad og næring	X		X	
KPI-126	Enge 5	LNF -> bustad og veg	X		X	
KPI-127	Nedre Sandvik 5	LNF -> fritids- og turistformål, bustad og fritidsbustad	X			
KPI-129	Osvåg 2	LNF -> bustad	X		X	
SUM	39		17	18	16	4

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.08.2017	Grovsorterte innspel til kommuneplanen sin arealdel 2017 - Etne kommune	1378264

Saksgang:

Politisk styringsgruppe for kommuneplan

Utskrift med vedlegg til:

Utskrift til:

